



## ÅRSMELDING 2018

### KONTROLLUTVALET - LINDÅS KOMMUNE

#### Organisering og møte

Denne rapporten gjeld kontrollutvalet sitt arbeid i tidsrommet 01.01.2018 til 31.12.2018.

I denne perioden har utvalet hatt følgjande samansetjing:

<b>MEDLEMAR</b>	<b>VARAMEDLEMAR</b>
Peder Jøsendal - leiar til 13.09.2018	1. Kåre Mestad
Leif Erik Gullanger - leiar frå 13.09.2018	2. Sissel Bjørke
Rolf Henning Hegland - nestleiar	3. Halvard Rydland
Kåre Østrem	4. Asbjørn Hellesøy
Anne Kristin Tonning	5. Jostein Hellestveit
Rebecca Duesund Fjeldsbø	

Kontrollutvalet er eit lovpålagt tilsynsorgan som er valt av kommunestyret og rapporterer direkte om sitt arbeid til kommunestyret.

Kommunestyret føretok nyval av kontrollutvalet i møte den 13.09.2018.

Kontrollutvalet skal føre løpande tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga og sjå etter at det er ei forsvarleg revisjonsordning, på vegne av kommunestyret.

Kontrollutvalet legg fram eit eige forslag til budsjett for sitt område for kommunestyret, med bakgrunn i planar for revisjonsarbeid vedteke i kommunestyret.

Kontrollutvalet sine møter er opne på lik linje med andre politiske møte.

Utvalet har hatt 6 møter i 2018 og det er handsama 65 saker inklusive formaliasaker.

#### Revisjonen og sekretariatstenesta

Den praktiske utføringa av tilsyns- og kontrolloppgåvene vert ivareteke hovudsakeleg av revisjonen på oppdrag frå kontrollutvalet. Kommunestyrets vedtak i saker som gjeld val av revisjonsordning og val av revisor, skal treffast på grunnlag av innstilling frå kontrollutvalet.

Frå 1. juli 2015 inngjekk Lindås kommune avtale med Deloitte AS om revisjonstenester for kommunen, inkludert rekneskapsrevisjon m/årsavslutning, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. I samsvar med kontrollutvalet si tilråding vedtok Lindås kommunestyre i sak 017/18 å forlengje gjeldande avtale ved å utløyse ein opsjonsavtale for kontrakten. Deloitte AS vil dermed fungera som revisor til kommunen vert avvikla ved oppretting av Alver kommune. Revisjonen reviderer også rekneskapet for fellesnemnda sitt arbeid.



Fellesnemnda vedtok i møte den 03.11.2018 at Alver kommune vel å kjøpe alle revisjonstenester i marknaden. Kontrollutvalet vil i samsvar med fellesnemnda sitt vedtak, i 2019 førebu sak om innkjøp av revisjonstenester og tilrå val av revisor.

Sekretariatet er kontrollutvalet sitt operative organ og har som hovudoppgåve å sjå til at dei saker som vert handsama av kontrollutvalet er forsvarleg utgreia, og at utvalet sine vedtak vert sett i verk. Nordhordland Utviklingsselskap IKS ivaretek sekretariatsfunksjonen for kontrollutvala i kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy. I 2018 var Øivind Olsnes sekretær for kontrollutvala.

Fellesnemnda for Alver kommune vedtok i møte den 03.11.2018 å vidareføre eksisterande sekretærfunksjon med Nordhordland Utviklingsselskap IKS.

### Saker i 2018

Kontrollutvalet har kalla inn administrasjonen og ordførar for å få nødvendige opplysningar i aktuelle saker.

Utvalet er oppteken av at kommunen har gode rutinar og internkontroll på dei ulike områda. Det er viktig for å sikre innbyggjarane gode tenester og at midlane til kommunen vert forvalta på ein god måte. Kontrollutvalet har følgd opp prosjektet «Lindås 2019» med orienteringar frå administrasjonen om ulike internkontrollsystem/-tiltak i kommunen.

#### Kommunesamanslåing – Alver kommune

Den 2. november 2018 hadde kontrollutvala i Lindås, Radøy og Meland eit felles møte. Leiar i fellesnemnda Øyvind Oddekav, prosjektleiar Ørjan Raknes og andre leiarar deltok og orienterte om prosess og status for samanslåinga.

I møtet vart mellom anna følgjande tema tekne opp og orientert om:

- Status i fellesnemnda sitt arbeid
- Status for felles barnevern – oppfølging av forvaltningsrevisjonar
- Felles lønn- og rekneskapskontor
- Oppfølging av forvaltningsprosjekt – Personvernopplysningar
- Status i arbeidet med å «rigge» den nye kommunen organisatorisk
- Status i kommunane sine planar for forvaltningsprosjekt / selskapskontrollar

#### Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll

Kommunestyret har vedteke følgjande plan for prioritering av forvaltningsrevisjon for denne kommunestyreperioden i sak 089/16:

- Informasjonstryggleik
- Internkontroll i skule og psykososialt skulemiljø
- Eining for funksjonshemma
- Innkjøp
- Arbeidet med psykisk helse og rus
- Overordna internkontroll



Kommunestyret vedtok i sak 004/17 at det i denne kommunestyreperioden skal gjennomførast selskapskontroll for prosjekt vedkomande:

- Eigarskapsforvaltinga
- Knarvik Industri og Miljø AS

Kontrollutvalet har følgd opp kommunestyret sine vedtak med gjennomføring av følgjande prosjekt i perioden og i 2018:

### ***Informasjonstryggleik***

Eit prosjekt for gjennomgang av status på dette området vart gjennomført av revisjonen i 2017. Kontrollutvalet handsama rapporten endeleg i møte den 6. juni 2018. Rapport med tilråding frå kontrollutvalet vart etterpå sendt til kommunestyret som handsama rapporten i sak 038/18. Revisjonen sine tilrådingar er føreslege følgd opp i eit felles prosjektarbeid for Alver kommune.

Rådmannen gav ei statusmelding for arbeidet med oppfølginga i kontrollutvala sitt felles møte den 2. november 2018.

### ***Selskapskontroll av eigarskapsforvaltinga***

Kontrollutvalet vedtok i 2017 å tinge eit prosjekt for å belyse om kommunen utøver kontroll med kommunen sine eigarinteresser i tråd med etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing. Prosjektet vart avslutta i februar 2018. Prosjektrapporten vart handsama av kontrollutvalet i møte den 14. mars 2018 med tilråding til kommunestyre om vedtak for vidare oppfølging. Revisjonen sine tilrådingar er føreslege følgd opp i eit samarbeid med dei andre kommunane som skal inn i Alver kommune. Kommunestyret handsama rapporten i sak 018/18.

### ***Selskapskontroll av Knarvik Industri og Miljø AS***

Kontrollutvalet har i 2017/18 gjennomført eit prosjekt for å sjå på Lindås kommune si eigarstyring av Knarvik Industri og Miljø AS og korleis selskapet driv i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og regelverk. Prosjektrapporten vart handsama av kontrollutvalet i møte den 6. juni 2018 med tilråding til kommunestyre om vedtak for vidare oppfølging. Kommunestyret handsama rapporten i sak 037/18. Kontrollutvalet vil i 2019 følgje opp kommunestyret sitt vedtak i saka.

### ***Internkontroll i skule og psykososialt skulemiljø***

Kontrollutvalet vedtok i møte den 26. november 2018 å tinge ei projektskisse frå revisjonen for ein forvaltningsrevisjon av *Psykososialt skulemiljø og skulen sin internkontroll angående dette*. Prosjektet vil verte gjennomført i 2019.

Kontrollutvalet ser på forvaltningsrevisjon som eit nyttig og avgjerande reiskap for at utvalet skal kunne gjere den jobben som ein er sett til. Det er derfor viktig at rapportane vert nytta aktivt både av administrasjon og politikarar i kommunen, som eit reiskap for å forbetre og kvalitetssikre tenestene.

### ***Oppfølging av revisjon***

Kontrollutvalet skal sikre at kommunen har ein forsvarleg revisjon. Revisjonen har vore i fleire utvalsmøter for å orientere om sitt pågåande arbeid og planar for revisjon. Revisjonen har mellom anna lagt fram si erklæring om uavhengighet. Revisjonen av årsrekneskapen er tilfredstillande utført etter kontrollutvalet si vurdering, jf. revisjonsmeldinga til årsrekneskapen og revisjonsrapport nr 13, datert 13.04.2108.



### Kontrollutvalet sin uttale til rekneskap og årsmelding

Kontrollutvalet skal gje uttale om årsrekneskapen og uttalen skal sendast til kommunestyret, med kopi til formannskapet. Årsrekneskapen for 2017 vart handsama som sak 28/18 i utvalsmøtet den 6.juni 2018. Årsrekneskapet viste eit netto driftsresultat på 107,1 mill. kroner. Det korrigerte netto driftsresultatet for den ordinære drifta til kommunen var 80,3 mill kr, som utgjer 5,6%. Dette er eit godt resultat, som ligg vesentleg over minimum tilrådd nivå på 1,75% for kommunesektoren. Driftsinntektene viste ein auke på 7,4 %, medan driftsutgiftene hadde ein auke på 7 % frå 2016.

Avvik i høve til budsjett var gjort fyldig greie for i årsmeldinga. Kontrollutvalet er nøgd med administrasjonen sitt arbeid med etablering av skriftlege rutinar for internkontroll. I sin uttale understreka kontrollutvalet revisor sine kommentarar vedkomande bruk av sjølvkostfondet. Kontrollutvalet har merka seg at bruken er justert ved fastsetting av kommunale avgifter for vatn og avløp i 2019.

Kontrollutvalet har i løpet av 2018 følgd opp revisjonen sine kommentarar i revisjonsrapporten.

### **Andre saker som vart handsama i 2018:**

- Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval
- Orientering om tilsyn frå Fylkesmannen i Hordaland vedkomande
  - *Helse- og omsorgstenester og sosiale tenester i NAV til personar med samtidig rusmiddelproblem og psykisk lidning (rapport 2017)*
  - *Nordhordland legevakt , (rapport 2017) - tiltak og oppfølging*
- Orientering om oppfylling av krava til symjeopplæring for elevane i grunnskulen
- Årsmelding frå kontrollutvalet – 2017
- Orientering om kriterier og grunnlag for fastsetting av storleik på festeavgifter for graver i Lindås kommune
- Orientering om helse og omsorg
- Økonomisk status vedkomande rekneskap/budsjett for kontroll og tilsyn
- Framlegg til budsjett for kontrollutvalet - 2019
- Tilråding vedkomande opsjon og forlenging av revisjonsavtale
- Tilråding revisjonsordning for Alver kommune
- Tilråding sekretærfunksjonen for Alver kommune
- Innspel frå private til saker i kontrollutvalet

### **Andre kommentarar**

Kontrollutvalet ser på kurs og opplæring av medlemmene som viktig, for slik å best mogleg utføre sitt mandat. Medlemane i kontrollutvalet deltok på folkevaldopplæringa for kontrollutvala i Hordaland i januar 2018.

Kontrollutvalet vil takke for alle orienteringar og god kommunikasjon med administrasjonen og kommunestyret i året som er gått.

Knarvik 23. januar 2019

  
Leif Erik Gullanger, sign  
Leiar